

 <b>HELSE BERGEN</b> Haukeland universitetssjukehus	<h1>Syfilis</h1>
Kategori: Pasientbehandling/Fagprosedyrer/Annet/Annet 3	Gyldig fra/til: 18.10.2024/18.10.2026
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Hudavdelingen	Versjon: 4.04
Godkjenner: Alf Henrik Andreassen	Informasjon
Dok. ansvarlig: Ingeborg M. Bachmann	Dok.id: D42181

## Kva er syfilis?

Syfilis er ein seksuelt overført infeksjon som skuldast smitte med bakterien *Treponema pallidum*.

## Kva er symptoma på syfilis?

Syfilis utviklar seg i tre stadium.

### Stadium 1

Om lag tre veker etter smitte oppstår det eit sår der bakteriane har gått inn i kroppen. Såret vil ofte komme på kjønnsorgana, men kan også vere i munnen, endetarmen, skjeden eller andre stader på kroppen. Såret gjer ikkje særleg vondt og vil ofte ikkje merkast dersom det ikkje sit på ein synleg stad. Såret vil gro i løpet av nokre veker utan behandling. Lymfeknutane i området nær såret hovnar opp, men er ikkje særleg vonde. I mange tilfelle vil ikkje pasienten merke første stadium av sjukdomen.

### Stadium 2

Dersom sjukdomen ikkje blir behandla i stadium 1, vil han etter eit par månader gå over i stadium 2. Dei vanlegaste plagene i stadium 2 er ulike typar utslett på kroppen, håravfall, hovne lymfeknutar, litt feber, hovudverk og trøttleik.

### Latens

Om sjukdommen ikkje blir behandla i stadium 2, vil han gå over i eit latent (skjult) stadium utan at den som er smitta har nokon plager. Smitterisikoen vil minke etter kvart, men sjukdommen kan framleis smitte frå mor til foster under graviditet.

### Stadium 3

Etter mange år kan sjukdommen gå over i tredje stadium der både hjerne, store blodårer, hud og knoklar kan bli angripne.

## Korleis smittar syfilis?

Syfilis smittar ved seksuell aktivitet med kontakt mellom kjønnsorgan eller mellom kjønnsorgan og slimhinner i munn eller endetarm. Sjukdomen kan også overførast frå mor til barn under svangerskapet og ved blodoverføring.

## Kor vanleg er syfilis?

Syfilis var nesten utrydda i Noreg i fleire tiår, men har no blitt vanlegare att. I vestlege land er det størst risiko for smitte mellom homofile menn, men det er også registrert ein auke blant heterofile. Syfilis er vanleg i fleire land i Aust-Europa, i mange utviklingsland og i einiskilde storbyer i USA og Europa. I Noreg er det påvist smitte i fleire byar.

## Kor lett smittar syfilis?

Når sjukdomen er i tidleg fase, smittar han lett, spesielt så lenge det er opne sår på slimhinnene. Seinare er sjukdomen mindre smittsam, og etter to år ser det ikkje ut til at sjukdomen smittar lenger ved seksuell kontakt. Det er risiko for smitte frå mor til foster under graviditet i mange år. Ei kvinne som har fått korrekt behandling for syfilis, er ikkje smitteførande og kan ikkje smitte fosteret. Ein person som har hatt syfilis kan aldri bli blodgjevar.

## Korleis kan eg merke at eg er smitta?

Dersom såret i første stadium sit på ein synleg plass, er det mogeleg å oppdage syfilis tidleg. Mange vil ikkje få merkbare symptom i stadium 1, og i så fall kan sjukdomen vere vanskeleg å oppdage. Blodprøvar vil avsløre om du har eller har hatt syfilis.

**Korleis kan eg unngå smitte?**

Kondom brukt på rett måte vernar mot smitte. Dette gjeld både vaginal-, anal- og oralsex.

**Kven kan vere smitta?**

I vestlege land er det størst risiko for smitte blant menn som har sex med menn. I enkelte land er smitten like vanleg også blant heterofile.

**Kva skal eg gjere dersom eg trur at eg kan vere smitta med syfilis?**

Snakk med legen din om kvifor du trur at du kan ha syfilis. Legen kan ta ein blodprøve for å finne ut om du er smitta. Det kan gå opp til 12 veker frå du utsette deg for smitterisiko til prøven blir positiv. Det er viktig å ta kontrollprøve dersom du testar deg før det har gått tre månader.

**Blir eg frisk?**

Syfilis blir behandla med penicillinsprøyter. Tablettbehandling med penicillin er ikkje effektiv. Det finst andre typar behandling for dei som er allergiske for penicillin. Behandlinga er gratis.

**Kor lenge må eg vente med samleie etter behandling?**

**Sex må unngåast** til heile behandlinga er avslutta (tidleg syfilis i minst 14 dagar og fram til synlege sår er borte, sein syfilis i 21 dagar)

**Kva med andre seksualkontaktar?**

Syfilis er definert som ein allmennfarleg smittsam sjukdom. Du har difor plikt til å hjelpe til med å få tak i andre som kan vere smitta. Du kan gje beskjed sjølv eller legen din kan hjelpe deg med å få tak i den/dei aktuelle personane.

**Bør eg gå til kontroll etter behandling?**

Det er vanleg å gå til regelmessige kontrollar i opp til to år etter at du har fått behandling. Legen vil informere deg om når du skal komme til kontroll.

Har du spørsmål, kan du vende deg til:

**Poliklinikk for SOI, Hudavdelinga**

Telefon: 55 973962

[www.helsebergen.no](http://www.helsebergen.no)